

Angvik Prosjektering AS,
Fabrikkvegen 20,
6636 Angvik,

19.05.2020

post@angvik-prosjektering.no

Innspel og merknader – Oppstartmelding Osvegen – Kleive Brygge

Syner til at det er sendt ut melding om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Osvegen - Kleive Brygge. Planarbeidet skal leggja til rette for konsentrerte bustader, småhus og næringsformål.

Planområdet, ca 25 daa, er avsett til bustader, erverv (næring) og LNF i kommuneplanens arealdel.

Eit sentralt element i skissert plan er å skaffa betre vegtilkomst til Kleive Brygge, der det blir planlagt leilighetsbygg med 25-30 bueiningar fordelt på 3-4 etasjar med parkering under leilighetene. I overkant av planområdet blir det lagt til rette for butikkareal langs nevnte nye adkomstveg ned til Kleive Brygge.

I Planinitiativet er det oppgitt at ca 7 daa av eksisterande landbruksareal blir omdisponert til næringsareal/adkomstveg.

Våre innspel og merknader

1. Sentrale delar av planområdet består av god landbruksjord som er sørvendt, med bra arrondering og helling som gjer at jorda er lett å driva. Dette er av den beste landbruksjorda i området. Vi meiner det er feil at jorda blir tatt i bruk til andre formål. Andre areal som er regulert til formålet bør heller brukast.
2. Området har i lang tid vore sett av til næringsformål, men burde i seinare rulleringar av kommunens arealplan ha blitt omdisponert til LNF-område ut frå det som er nevnt i pkt.1. Dette er eit typisk eksempel på kva som bør bevarast som LNF-område.
3. Slik planområdet er utforma vil det føra til at driftsverdien av det gjenværande dyrka arealet blir sterkt forringa, både gjennom at arealet blir mindre, men også gjennom at presset på gjenværande dyrka areal blir større.
4. Eit alternativ kan vera at gjenværande dyrka areal blir tatt inn i planen, men regulert som omsynssone landbruk.(?)
5. Vårt ønskje er at butikkarealet i overkant av planområdet blir tatt ut av planen. Dette av omsyn til det som er nevnt i pkt 1. og 2.
6. Vi saknar plan om jordfagleg vurdering av planområdet og vurdering av verknader for matproduksjon og næringsgrunnlag for dei som blir berørt av tiltaket.

7. Som ein del av detaljreguleringsplanen / i reguleringsføresegnene må det gjerast greie for korleis matjord skal handterast, korleis etterbruk av matjord skal vera, samt sikrast at maskinførarar/entreprenørar/underentreprenørar har kompetanse og retningslinjer for korleis matjord skal handterast. Matjord skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål, t.d. grøntareal.
8. Dersom det må takast bort større mengder matjord av god kvalitet bør det lagast ein plan for dette. Sjå retningsliner gitt i hefta «Jordmassar – frå problem til ressurs».

Våre merknader er m.a. basert på følgjande:

1. Stortinget vedtok i 2015 *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.
2. I brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018 blir det m.a. vist til revidert nasjonal jordvernstrategi, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at landbrukets arealressursar generelt må sikrast og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.
3. Fylkesmannen sitt «Forventningsbrev» til kommunane av 20.2.2020 viser m.a. særleg til kommunane sitt ansvar for oppfølging av nasjonal jordvernstrategi, jordlova og driveplikt, samt handtering av jordmassar.

Dette er sentrale element som ligg til grunn for våre merknader og som vi meiner bør hensynstakast vidare i planlegginga.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen